

Prisar sola.

10.02.2017



Barnehageborn med soler til Spar.(Foto: Spar Uskedalen)

**Det er heilt strålande vinterdagar, og då gjer det ekstra godt at sola er framme. Det er noko vi alle er glade for, men ingen prisar sola på ein meir ekte måte enn borna. I føremiddag viste ein flokk barnehageborn det då dei troppa opp på SPAR Uskedalen. Med seg hadde dei mange flotte soler som dei hadde laga i barnehagen.**

Då uskedalen.no var innom butikken var Kjersti Børve i full gang med å henga opp alle dei flotte solene. Tydeleg fornøgd skein ho saman med dei. Flott pynta dei opp og sette oss i skikkeleg vårstemning. Dei som sat i kaffikroken var samstemte om at dette pynta flott opp!



Det blei verkeleg solskin i vindauge på Spar!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland